

---

**Fra:** Kari E Natland

**Sendt:** 13. mai 2015 11:14

**Til:** Astrid Aarhus Byrknes; Hallvard Oppedal ([hallvard.oppedal@qulen.kommune.no](mailto:hallvard.oppedal@qulen.kommune.no)); Jon Askeland; Kari Foseid Aakre; Karstein Totland ([karstein.totland@masfjorden.kommune.no](mailto:karstein.totland@masfjorden.kommune.no)); Knut Moe; Kristin Handeland; Nils Marton Aadland ([nils.marton.aadland@meland.kommune.no](mailto:nils.marton.aadland@meland.kommune.no)); Per Lerøy; Hogne Haugsdal; Ingvild Hjelmtveit; Jan Olav Osen; Jarle Landås; Odd Ivar Øvregård; Reidun Halland; Svein Helge Hofslundsengen; Vidar Bråthen; Øivind Olsnes; Ørjan Raknes Forthun

**Emne:** Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland - presentasjon i formannskapa og administrativ høyring

### **Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland - presentasjon i formannskapa og administrativ høyring**

Vedlagt finn de utkast til interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland. Planen har mål og strategiar for korleis Nordhordland skal møte venta vekst i folketal og framtidige endringar i næringsliv. Planen er eit verktøy for kommunane og som ein del av prosessen vert forslaget no sendt til kommunane med ønske om innspel.

Det har det vore jobba med planen ei stund og utkastet er eit resultat av ein prosess med mange involverte. Vi starta med ein kick-off der tilsette i kommunane, politikarar og næringsliv var representert (alle kommunane var invitert). Vidare hadde vi ein prosess med Regionrådet (ordførarar og rådmenn) og til slutt er dette utkastet bearbeida i styringsgruppa for planen.

Den interkommunale nærings- og samfunnsplanen er eigmendt av kommunane og Regionrådet og skal fungere som eit retningsgjevande verkty for regional næringsutvikling. I heile prosessen har målet for styringsgruppa vore at planen skal bli eit nyttig reiskap som kommunane kjenner seg igjen i, er relevant og som gjev praktisk hjelp og retning i næringsutviklingsarbeidet.

Å tilrettelegge for god nærings- og samfunnsutvikling rører ved så mange fagfelt i ein kommune, vi ber derfor om at relevante personer vert teke med i prosessen for å gje innspel til dokumentet. For å sikre at vi når dette målet, har styringsgruppa vedteke at planen skal sendast ut til kommunane for ei administrativ handsaming der dei kan kome med innspel før planen vert lagt ut til offentleg høyring.

Vi ønskjer også at utkastet vert presentert i formannskapa, slik at også dei kan få kome med innspel før høyringsrunden. Dersom kommunen ønskjer det, kjem vi gjerne til formannskapa og presenterar planen – så langt vi har kapasitet til det.

***Frist for innspel frå administrasjonen i kommunane og formannskapa er sett til 12. juni.***

Den offentlege høyringa skal skje i haust og vi ønskjer å presentere planen for dei nye kommunestyra, slik at dei kan vedta planen. Dette vil skje så snart kommunestyra kan ta i mot saka, anten i haust eller på nyåret.

Beste helsing

Kari Evensen Natland

Prosjektleiar for planarbeidet

# REGION **NORDHORDLAND**

NORDHORDLAND UTVIKLINGSSELSKAP IKS

**Kari Evensen Natland**

Næringskonsulent

+ 47 56 37 58 88

+ 47 48 07 09 72

[www.nordhordland.net](http://www.nordhordland.net)